

Referat FAU møte 28.09.2022.

Tilstades: Sondre Aas Selle, Jan Robert Fylkesnes, Wenche Elin Midttun, Liv-Jorunn Bjordal, Kristina Nicholls

Meldt fråfall: Ragnhild Vad, Hanne Margrethe Haugland

Frå Skulen: Rektor Kesia Tabitha Sowerby Palmer

Stad: Litlabø Skule

Referent: Jan Robert Fylkesnes

Dette er det 1. FAU møtet for skuleåret 2022/2023.

1.) Konstitusjon av nytt FAU-styre

Nytt styre for FAU ved Litlabø Skule ble valt og består av:

| | |
|------------------|--------------------------|
| Leiar: | Sondre Aas Selle |
| Nestleiar: | Hanne Margrethe Haugland |
| Kasserar: | Wenche Elin Midttun |
| SU Representant: | Kristina Nicholls |
| Referent: | Jan Robert Fylkesnes |

Kontaktliste for FAU Litlabø Skule for skuleåret 2022/2023 ble delt.

2.) Retningslinjer for Permisjon

Rektor deler utkast for oppdaterte retningslinjer for permisjonssøknadar for elevar. Dette er felles retningslinjer for Stord Kommune som ikkje enda er iverksett. Utkastet viser til endring som tillet rektor å delegere til kontaktlærar å innvilge permisjon inntil 2 dagar, ein auke frå 1 dag tidlegare. Vidare er det foreslått innstramming rundt løyve til permisjon i samband med ferie.

3.) Foreldremøter

Det er komen forslag til endring frå foreldre i nokon klassar der det førespurd moglegheit til å dele opp foreldremøta mellom klassane for å tillate forsette med fleire barn på tvers av trinn å kunne delta i alle trinn sine foreldremøte.

Det var også ynskje med temakveld på foreldremøte, gjerne med innspel frå utanforstående «ekspert» på valde tema for påfyll av kompetanse.

FAU fastslår følgande foreldremøter for skuleåret 2022/2023:

- Haustmøtet vil bli føretatt oppdelt med alle trinn på forskjellig tidspunkt. Alle møta vil bli halde innan ein periode på 2 veker.
- Vårmøtet vil bli føretatt med alle trinn samla og med temakveld.

15.09.2022 haldt SFO sitt første foreldremøte. Dette fekk gode tilbakemeldingar frå foreldra som hadde møtt opp. Oppmøte var omtrent 1/3.

4.) Komande FAU møter

Det ble gjort avtale om tidspunkt for FAU møter for resten av skuleåret 2022/2023.

Følgande tidspunkt ble avtalt:

- Onsdag 16. november 2022, kl. 19:00
- Onsdag 25. januar 2023, kl. 19:00
- Torsdag 13. april 2023, kl. 19:00
- Torsdag 1. juni 2023, kl. 19:00

5.) Ymse

Rektor informerer:

- Endring i skulens organisasjon med avdelingsleiar i staden for assisterande rektor
- Skulen har 110 elevar fordelt på 7 trinn. Det er mellom 11 og 20 elevar per trinn
- SFO har 12 timer gratis kjernetid, det er per d.d. 30 born på SFO. SFO har 5 vaksne, der 1 av de er ny
- Skulens satsingsområde er Kompetanseløftet og SLT
- Som ein del av satsingsområdet «kompetanseløftet» blir det i disse dagar avlagt prøver i «SMART». Dette skal vise elevar at det er forskjellige intelligensar og identitetar
- Visma Flyt Skole overtar frå Transponder

Årshjul:

Kristina Nicholls etablerer årshjul for 2022/2023